



Olje og energidepartementet

Vår referanse  
19/11863 19/16233

Din referanse

Sakshandsamar  
Sonja Håvik

Dato  
30.09.2019

## **Forslag til nasjonal ramme for vindkraft - NVE rapport**

Kommunestyret har i møte 26.09.2019, sak 76/19, fatta følgjande vedtak:

- 1. Volda kommune aksepterar ikkje ei utbygging av vindkraft innan kommunen sine grenser***
- 2. Sakshandsaming og all mynde knytt til utbygging av vindkraft er i dag sentralisert og lagt til NVE. Til tross for at det kommunale sjølvstyret er både grunnlovfesta og innarbeidd i kommunelova sin formålsparagraf med verknad frå nyttår, så er dette heilt fråverande i samband med vindkraftutbygging med dei verknader dette har for lokalsamfunnet.***
- 3. Volda kommune ber regjeringa straks ta naudsynte initiativ til eventuelle regel-/lovendringar, som klargjer at NVE ikkje kan tildele utbyggingskonsesjonar til vindkraft, dersom kommunestyret i den kommunen det gjeld set seg i mot det.***

Med helsing

Sonja Håvik  
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
106/19	Formannskapet	27.08.2019
76/19	Kommunestyret	26.09.2019

### Forslag til nasjonal ramme for vindkraft - NVE rapport

#### Samandrag:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har på oppdrag frå olje- og energidepartementet (OED) utarbeidd eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Oppdraget er todelt: Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft, og eit kart over dei mest eigna områda for vindkraft. Totalt er 43 områder i Noreg analysert for å peike ut eigna områder for vindkraft. 13 områder er anbefalt for vidare utgreiingsarbeid og konsesjonshandsaming. Delar av Volda kommune er foreslått som eit eigna område for etablering av vindkraft som ein del av eit større område av Sunnmøre og Nordfjord – «*Område 20*». Rammeplanen er ikkje ein utbyggingsplan, og er følgjeleg ikkje konsekvensutgreidd etter reglane om forskrift om konsekvensutgreiing.

#### Kommunestyret 26.09.2019:

#### Behandling:

Sindre Kvangarsnes (U) og Odd A. Folkestad (U) bad om punktvis røysting. Ordføraren kom med framlegg om at punkt 2 vert nytt punkt 4, og punkt 3 og 4 vert flytta ein plass opp.

Arild Iversen (Krf) kom med framlegg om at ein endrar punkt 1 slik:

*Volda kommune aksepterar ikkje ei utbygging av vindkraft innan kommunen sine grense.*

#### Røysting (26 røysteføre):

Prøverøysting punkt 1:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Arild Iversen og tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Arild Iversen fekk 22 røyster og tilrådinga frå

formannskapet fekk 4 røyster.

#### **Endeleg røysting punkt 1:**

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Arild Iversen og tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

Prøverøysting punkt 2:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 9 røyster, 17 røysta mot.

#### **Endeleg røysting punkt 2:**

Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

Prøverøysting punkt 3:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 26 røyster.

#### **Endeleg røysting punkt 3:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Prøverøysting punkt 4:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 26 røyster.

#### **Endeleg røysting punkt 4:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta samla over punkt 1, 3 (nytt punkt 2) og 4 (nytt punkt 3), og dei vart samrøystes vedteke.

#### **KST1- 76/19 Vedtak:**

***1. Volda kommune aksepterar ikkje ei utbygging av vindkraft innan kommunen sine grenser***

***2. Sakshandsaming og all mynde knytt til utbygging av vindkraft er i dag sentralisert og lagt til NVE. Til tross for at det kommunale sjølvstyret er både grunnlovfesta og innarbeidd i kommunelova sin formålsparagraf med verknad frå nyttår, så er dette heilt fråverande i samband med vindkraftutbygging med dei verknader dette har for lokalsamfunnet.***

***3. Volda kommune ber regjeringa straks ta naudsynte initiativ til eventuelle regel-/lovendringar, som klargjer at NVE ikkje kan tildele utbyggingskonsesjonar til vindkraft, dersom kommunestyret i den kommunen det gjeld set seg i mot det.***

## **Formannskapet 27.08.2019:**

### **Behandling:**

Sakshandsamar Erlend Vikestrand orienterte.

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

- 1. Volda kommunestyre stiller seg negativ til ei vindkraftutbygging i Volda kommune.*
- 2. Volda ber om at spørsmålet om naturressursskatt knytt til vindkraftanlegg blir utgreia og avklart.*
- 3. Sakshandsaming og all mynde knytt til utbygging av vindkraft er i dag sentralisert og lagt til NVE. Til tross for at det kommunale sjølvstyret er både grunnlovfesta og innarbeidd i kommunelova sin formålsparagraf med verknad frå nyttår, så er dette heilt fråverande i samband med vindkraftutbygging med dei verknader dette har for lokalsamfunnet. Volda kommune vil be regjeringa å ta initiativ til lovendring som gir kommunane større påverknad på lokalisering og tekniske planar for vindkraft.*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

- 1. Volda kommune stiller seg negativ til utbygging av vindkraft innan kommunen sine grenser.*
- 2. Volda kommune ber regjeringa straks ta naudsynte initiativ til eventuelle regel-/lovendringar, som klargjer at NVE ikkje kan tildele utbyggingskonsesjonar til vindkraft, dersom kommunestyret i den kommunen det gjeld set seg i mot det.*

### **Prøverøysting (9 røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster.

#### **Punkt 1**

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå ordføraren (punkt 1) og framlegget frå Odd A. Folkestad (punkt 1). Framlegget frå ordføraren fekk sju røyster, framlegget frå Odd A. Folkestad fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset).

Ordførararen trekte punkt 1 i framlegget sitt.

Ordføraren og Odd A. Folkestad kom med slikt alternativt framlegg punkt 1:

- 1. Volda kommune er negativ til utbygging av vindkraft innan kommunen sine grenser*

## **Endeleg røysting (9 røystesføre):**

Punkt 1 - Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå ordføraren og Odd A. Folkestad. Framlegget frå ordføraren og Odd A. Folkestad vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 - Framlegget frå ordføraren punkt 2, fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset).

Ordføraren trekte siste setning i framlegget sitt i punkt 3 og foreslo at framlegget frå Odd A. Folkestad (punkt 2) vert nytt punkt 4.

Punkt 3 - Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå ordføraren. Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og falt. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Punkt 4 - Framlegget frå Odd A. Folkestad vart samrøystes vedteke.

## **FSK- 106/19 Vedtak:**

- 1. Volda kommune er negativ til utbygging av vindkraft innan kommunen sine grenser**
- 2. Volda ber om at spørsmålet om naturressursskatt knytt til vindkraftanlegg blir utgreia og avklart.**
- 3. Sakshandsaming og all mynde knytt til utbygging av vindkraft er i dag sentralisert og lagt til NVE. Til tross for at det kommunale sjølvstyret er både grunnlovfesta og innarbeidd i kommunelova sin formålsparagraf med verknad frå nyttår, så er dette heilt fråverande i samband med vindkraftutbygging med dei verknader dette har for lokalsamfunnet.**
- 4. Volda kommune ber regjeringa straks ta naudsynte initiativ til eventuelle regel-/lovendringar, som klargjer at NVE ikkje kan tildele utbyggingskonsesjonar til vindkraft, dersom kommunestyret i den kommunen det gjeld set seg i mot det.**

### **1. Rådmannen si tilråding:**

Volda kommunestyre stiller seg negativ til ei vindkraftutbygging i dei foreslåtte areala før verknadane av ei utbygging er synleggjort betre gjennom ei meir detaljert konsekvensutgreiing for det/dei aktuelle områda ein vil bygge ut, samt før at spørsmålet om naturressursskatt knytt til vindkraftanlegg er utgreia og avklart.

2. Sakshandsaming og all mynde knytt til utbygging av vindkraft er i dag sentralisert og lagt til NVE. Til tross for at det kommunale sjølvstyret er både grunnlovfesta og innarbeidd i kommunelova sin formålsparagraf med verknad frå nyttår, så er dette heilt fråverande i samband med vindkraftutbygging med dei verknader dette har for lokalsamfunnet. Volda kommune vil regjeringa til å ta initiativ til lovendring som gir kommunane større påverknad lokalisering og tekniske planar for vindkraft.

**Vedlegg:**

Vedlegg -figurar

Innspel frå Dravlaus- og Innselsetbygda grendalag, Lauvstad og Velsvik grendautval og Indre Dalsfjord grendautval - Vindkraftutbygging

E-post

**Saksopplysningar:**Område i Volda som er foreslått eigna for vindkraft:

Området som er foreslått ligg vest i Volda kommune, langs vestleg side av Dalsfjorden og Voldsfjorden (figur 1). Dette omfattar fjellområda mellom Velsvik i nord til Steinsvik og Åmelfoten i sør.

Figur 1 (sjå vedlegg): Område som vert sett på som eigna for vindkraftutbygging markert med grøn linje (kommune- og fylkesgrenser er markert med lilla linjer (NVE-rapport 12-2019).

Kvifor er området foreslått som eit av dei mest eigna?

*«Sunnmøre og Nordfjord har gode produksjonsforhold for vindkraft. I et kraftsystemperspektiv er området veldig godt egnet for ny produksjon, sammenlignet med andre områder.*

*I det utpekte området er det viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet til landskap, friluftsliv, reiseliv og kulturminner. Våre overordnede analyser tilsier imidlertid et lavere konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet.*

*Fra et nasjonalt perspektiv, framstår Sunnmøre og Nordfjord derfor som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging i Norge» (NVE, Forslag til nasjonal ramme for vindkraft, s. 153).*

Fleire ulike faktorar ligg til grunn for forslaga i rapporten til NVE. Her er både natur- og samfunnsmessige interesser vurdert, i tillegg til økonomi. Kort oppsumert argumenterer NVE for at dei foreslåtte områda har gode vindforhold, har låge konfliktnivå opp mot natur- og samfunnsinteresser og at det er økonomisk gunstig å utnytte areala til vindkraft. NVE fastslår at det er små eller mellomstore vindkraftverk på enkelte spreidde fjell som kan vere eigna. Vidare syner NVE til at området eignar seg godt for vindkraft då det ligg nærme Ørsta transformatorstasjon. Det regionale nettet som er knytt til stasjonen har god kapasitet (200 MW). Lenger sørover på Vestlandet er kapasiteten dårlegare, mellom anna på grunn av fleire flaskehalsar i regionale straumnett og pågåande kraftutbygging.

Eksklusjonssoner:

Området som er skildra i figur 1 er analysert og vurdert gjennom fagrapportar frå ei rekkje ulike instansar og gjennom innspel frå ulike aktørar. Figur 2 (under) syner kva aktørar som har bidrege med temarapportar og innspel til NVE, mellom dei er

Møre og Romsdal fylkeskommune. NVE har ut i frå dei ulike rapportane og innspela ekskludert større og mindre areal innanfor området som vert sett på som anten heilt utelukka eller mindre aktuelle for utbygging av vindkraft. Figur 3 syner eit kart der ein finn «mjuke» og «harde» eksklusjonssoner. Definisjonen på desse sonene er slik:

*«Hard eksklusjon er eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk-økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene er formelt vernet eller tilsvarende».*

*«Myk eksklusjon er eksklusjon av arealer der virkninger for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør bygges vindkraftverk».*

Kriteria som er brukt for definisjon av eksklusjonssonene finn ein under kapittel 37.2.2 (NVE, *Forslag til nasjonal ramme for vindkraft*, s.95).

Figur 2 (sjå vedlegg): Diagram som syner kva aktørar som har bidrege med innspel og temarapportar til NVE (NVE-rapport 12-2019).

Som figur 3 (under) syner er det mykje areal i Volda kommune innanfor det vurderte området som vert ekskludert for vindkraftutbygging. Dei områda ein står att med er eit område sør for Velsvik og aust for Åmelfoten i området Storlidvatnet og mot grensa til Vanylven. I tillegg er det eit areal i grenseområda mellom Volda og Vanylven i området Høgenipa/Feirdalen.

Figur 3 (sjå vedlegg): Her ser ein området som er vurdert som eigna med grøn linje. Eksklusjonssonene er markert i blåfargar (lys blå for «mjuk eksklusjon» og mørk blå for «hard eksklusjon»). Ein ser her at mykje av arealet i Volda kommune er vurdert å vere lite eigna for vindkraft (NVE-rapport 12-2019).

### **Vurdering og konklusjon:**

Det er avgrensa areal i Volda kommune som er vurdert som høvelege til vindkraftutbygging. Areala i Volda er lite omtala i rapporten frå NVE. NVE syner til at rapporten på ingen måte er ein utbyggingsplan, og at forskrift om konsekvensutgreiing såleis ikkje slår inn. NVE syner vidare til at mange av metodane som er nytta i dei ulike fagrapportane følgjer standard for utgreiingar for konsekvensutgreiing. Fjellområda sør for Velsvik har i dag lite eller ingen tilkomst for anleggsmaskiner og det må her påreknast inngrep i form av opparbeiding av infrastruktur for å kunne bygge ut vindkraft. I fjella kring Høgenipa/Feirdalen er det ingen tilkomst frå Voldasida. Terrenget er bratt og det er meir realistisk å kome til frå Norddalen i Syvde. Området kring Storlidvatnet har tilkomst via annleggsveg som vart etablert då kraftverket i Åmelfoten vart utbygd. Storlidvatnet er regulert med demning. Areala som her er sett på som eigna heng saman med tilsvarende areal over grensa mot Vanylven.

Møre og Romsdal har ingen regional plan for vindkraftutbygging. Ein slik plan var vedteken i Sogn og Fjordane i 2011 og går mellom anna meir detaljert inn på konfliktpotensiala i enkeltområde.

## Konsekvensar for folkehelsa:

Det er gjennomført sjekk av kartlagde friluftsområde i dei aktuelle områda for vindkraftutbygging. Fjellområda frå Velsvika og sørover er kartlagt som friluftsområde, men utan ei meir detaljert prioritering av viktighet. I området i- og kring Storlidvatnet er det definert eit regionalt viktig friluftsområde i kartdatabasen (figur 4). Områda som er nemnt har fjell og vatn som er lett tilgjengelege frå anleggs- og traktorveggar inn til områda. Storlidvatnet, og vatna rundt, er mykje brukte fiskevatn. Dette finn ein ikkje nemnt i rapporten eller dei tilhøyrande temarapportane frå NVE. Ein vurderer det til at vindkraftutbygging her har potensielt store konsekvensar for friluftslivet.

Figur 4 (sjå vedlegg): Området som er markert i raudt syner eit regionalt kartlagt område for friluftsliv som er klassifisert som «viktig». Dette ligg i området Storlidvatnet og omegn (gislink.no).

I dalane sør for Velsvik ligg det fleire fritidsbustader. Det same gjeld i området kring Storlidvatnet og kringliggjande vatn (figur 5). Fritidsbustadane kring Storlidvatnet ligg i tydelege klynger nær anleggsvegen frå Åmelfoten. Ein vurderer det til at vindkraftutbygging på dei to lokalitetane vil ha potensiale for konflikt opp mot bruken av fritidsbustadane og friluftinteressene i området.

Figur 5 (sjå vedlegg): Kart over områda kring Storlidvatnet (t.v) og Velsvik (t.h) synt i alle typar bygg som er registrert hjå Volda kommune. Mørkerøde punkt markerer fritidsbustader (kommunekart).

## Miljøkonsekvensar:

### *Vilt og artar:*

I området frå Velsvik og sørover er det registrert fleire viltområder for hjort. I Ulvestaddalen er det registrert eit viltområde for orrfugl. Viltområda og hjortetrekka er vist i figur 6 under. Det er også registrert fjellvåk i området, ein fugleart definert med «*særleg stor forvaltningsinteresse*» i regional kartlegging.

Figur 6 (sjå vedlegg): Kart som syner viltområde (hjort i brunt og orrfugl i grått) og hjortetrakk (brune strekar) i området mellom Velsvik og Lauvstad (gislink.no).

I området kring Høgenipa/Feirdalen og kring Storlidvatnet er det ikkje registrert spesielle viltområder, men det er kartlagt hjortetrekke i dalføra. Kring Storlidvatnet er det også registrert fjellvåk.

### *Inngrepsfri natur:*

Delar av dei foreslåtte areala er kartlagt som «*inngrepsfri natur*» med ein avstand på 1-3 km frå menneskelege inngrep. Dette er definert som «urørt» natur. Ein stiller spørsmål til kvifor dette ikkje er teke med som eit tema for vurdering i rapporten til NVE, då dette er eit viktig fokus både nasjonalt og internasjonalt. Figur 7 syner kva areal som er kartlagt som inngrepsfrie og urørte areal.

Figur 7 (sjå vedlegg): Kart som syner områder med «inngrepsfri natur» i lys grønt (gislink.no).



Økonomiske konsekvensar:  
Ikkje utgreidd.

Beredskapsmessige konsekvensar:  
Ikkje utgreidd.

Konsekvensar for barn og unge:  
Ikkje utgreidd.

### Konklusjon:

Rapporten med tilhøyrande utgreiingar fastslår at det fins areal i Volda kommune som er godt eigna til små og mellomstore vindkraftanlegg. Det er relativt små areal i kommunen som er sett på som eigna (fjellområda sør for Velsvik, området kring Storlidvatnet i Åmelfoten og eit mindre areal kring Høgenipa i Dalsfjorden. Det vert i liten eller ingen grad synt til spesifikke faglege og tematiske vurderingar i desse områda i rapporten frå NVE. Volda kommune vurderer det til at det er fleire forhold som talar mot ei utbygging, særleg innan natur og miljø, samt verdiar knytt til friluftsliv og rekreasjon. Ein bør stille seg negativ til ei vindkraftutbygging før det er utført ei meir detaljert konsekvensutgreiing for det/dei aktuelle områda ein vil bygge ut, samt legge til rette for meir lokal medverknad i kommunen. Det er først når ein har fått ei slik analyse på plass at ein kan ta endeleg stilling til samla kost-/nytte av ei slik utbygging for lokalsamfunnet.

Utbygging av vindkraft legg beslag på naturressursar som bør kompenseras med naturressursskatt til kommunen på lik line med vasskraft. Dette bør utgreiast, og kommunestyret bør i alle høve vere negative til vindkraftutbygging inntil slike anlegg utløyser naturressursskatt.

Sakshandsaming og all mynde knytt til utbygging av vindkraft er i dag sentralisert og lagt til NVE. Til tross for at det kommunale sjølvstyret er både grunnlovfesta og innarbeidd i kommunelova sin formålsparagraf med verknad frå nyttår, så er dette heilt fråverande i samband med vindkraftutbygging med dei verknader dette har for lokalsamfunnet. Volda kommune vil regjeringa til å ta initiativ til lovendring som gir kommunane større påverknad lokalisering og tekniske planar for vindkraft.

Erlend Sporstøl Vikestrand  
sakshandsamar.